



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Norges Taxiforbund

Postboks 6754 Rodeløkka
0503 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
07/26- KAS

Dato
15.09.2008

Bruk av bilbelte for drosjesjåførar

Vi viser til Dykkar brev datert 27. september 2007 til Vegdirektoratet med kopi til Samferdselsdepartementet. I brevet ber Norges Taxiforbund Vegdirektoratet om å ta initiativ til at også drosjesjåførar skal bli omfatta av det generelle kravet om bruk av bilbelte når dei er i teneste.

Vegdirektoratet sendte på bakgrunn av dette brevet eit forslag til Samferdselsdepartementet om å oppheve unntaket frå krav til bruk av bilbelte for drosjesjåførar i teneste, jf. forskrift 21. september 1979 nr. 7 om bruk av personlig verneutstyr under kjøring med motorvogn § 1 femte ledd bokstav f).

Samferdselsdepartementet vil med dette orientere om at vi i dag har fastsett forskriftsendring der vi opphevar det aktuelle unntaket, slik at bruk av bilbelte vil bli obligatorisk også for drosjesjåførar i teneste. Forskriftsendringa vil tre i kraft **1. november 2008.**

Med den positive effekten bruk av bilbelte har ved kollisjon, samt moderne bilbelteløysingar, er det ikkje lenger grunn til at drosjesjåførar skal vere unnatekne påbodet om plikt til å bruke bilbelte. Vegdirektoratet har tidlegare gjennomført ei høyring med forslag om å oppheve det aktuelle unntaket. At Norges Taxiforbund, som er den mest sentrale interesseorganisasjonen for taxinæringa har endra standpunkt og no tilrår krav om bilbeltebruk for drosjesjåførar i teneste, har vore eit viktig element i Samferdselsdepartementet si vurdering av saka.

I samband med forskriftsendringa har Samferdselsdepartementet sendt ut ei

pressemelding. Vi oppmodar Norges Taxiforbund om å gjennomføre ein målretta informasjonskampanje overfor sine medlemmar i samband med at unntaket frå kravet til bilbeltebruk blir oppheva.

Med helsing


John Arild Jenssen e.f.


Karin Sørhoel

Kopi til:

Politidirektoratet

Vegdirektoratet